

Referat breiddestyremøte mandag 23.mars kl 2000 i Flostova

Breiddestyret: Aina, Morten, Frank, Tom Rune. Forfall: Kirsti

Sportskoordinator jenter: Jan Rune

Trenaransvarleg: Marius (sak 08-15)

08-15: Trenaransvarleg.

Marius Kloster er ny trenaransvarleg. Marius delar tankar om sin nye rolle og fortel om trainee prosjektet sitt. Trainee prosjektet går over 1 år. Tema er skuleringsplan for akademi og på lagnivå i Sogndal Fotball. Vera eit verktøy for både spelarar og trenarar. Lage møtepunkt for trenarar. Arrangere Barnefotballkveld. Arrangere Ungdomsfotballkveld. Marius jobbar allereie tett saman med trenarkoordinatorane våre, Tom Rune og Jan Rune. Marius er også ein som har god oversikt over kven som bør hospitere ettersom han er Akademisjef i Sogndal Fotball.

09-15: Fusjon jentelag J 15/16 og småjentelaget J14

Stor fråfall frå jentelaget. 1999 jentene er borte. Er nokre jenter att frå 2000. Trenarane er studentar som gir seg til sommaren (mai/juni). Vil då stå utan trenar. Ingen av foreldra vil ta ei hovudlagleiarjobb. Jentelaget må ha hjelp frå J 2001 for å stille 11ar lag. J 2001 har eit godt og solid støtteapparat. Har hatt nokre fellestreningar allereie. Godt motteke av jentene

Breiddestyret vedtek einstemming at ein sler i saman treningsgruppene for 1999/2000 med 2001 gruppa. Gruppa 1999/2000 vil også få hjelp av 2001 kullet i seriespel slik at jentelaget kan stille 11ar lag, slik det er påmeldt. Viktig for jentene å ha eit tilbod om 11ar fotball på jentelagsnivå!

Aina skriv forslag til epost som skal sendast til foreldre/spelarar og trenarar/lagleiarar på 1999, 2000 og 2001. Jan Rune får avklara treningstider med Geir Inge, slik at treningstidene kan presanterast i eposten. Morten sender ut eposten når den er klar – før påske.

Aina og Jan Rune tek ei foreldremøte rett over påske.

10-15: Orientering om møteaktivitet febr/mars

Tom Rune har utarbeida eit hospiteringsskriv i samarbeid med sport. I tillegg forslag til hospiteringskjemaer.

Trenarkoordinator møte jentefotball avhold i medio febr ved Jan Rune. Laga frå 11 år til og med damelag. Hovudregel er no at jenter hospiterer med jenter og gutar med gutar. Dei jentene som er på sonelag eller krets lag får hopiterer med gutane også.

Miniputtmøte J/G 9-10 avhold utimo febr. Eit møte for å samkøyre laga som stiller i miniputtserien. Mange av laga endra sin påmelding på møtet, og det var viktig. Også diskutert hospitering for enkelt spelarar

Trenarkoordinator møte gutefotball avhold medio mars ved Tom Rune. Laga 11-14 år var innkalla. Er årskull som må sleppe til gutar frå laget under. Er fleire som prøvehospiterer no. Skal bli færre når sesongen sparkar i gang.

Møte med Kaupanger om damefotball. Trine Lerum Hjellhaug, styreleiar i Kaupanger Fotball, ynskte å møte Sogndal – på eit overordna nivå. Møte omhandla samarbeid mellom klubbane. Sogndal let spelarane gå til Kaupanger når dei ynskjer det. Jmf sportsplanen så anerkjenner Sogndal at Kaupanger er fylkeslaget. Sogndal ynskjer å vera gode på spelarutvikling.

Dommarkurs utsett pga av lite påmelding. Frank kallar inn til nytt møte ein gong på våren. Då sender han epost til lagleiar at dei må sende alle spelarane på kurs! Det er rek.dommarkurs i april.

Oppstartmøte nytt miniputtkull avhold medio mars ved Kirsti. J/G 2009. Solide trenarteam på begge kjønn og lagleiarar er klare. Det var arrangert foreldremøter ult mars. Oppstart 8.april.

Aina har registrert ein del spelarar på Sogndal 4 i FIKS.

11-15: Ymse

Ingen sakar